



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 10.12.2015
Vår ref.: 2014/19554-10
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Sandviksbodene 78 B. Fredingsforslag til andre gongs høyring

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av Sandviksbodene 78 B (Holmefjordboden) i Bergen. Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 8. oktober 2015.

Det kom inn tre høyringsfråsegner. Bergen kommune ved byrådet har gitt følgjande svar: «De gjenværende sjøbodene i Sandviken har svært høy kulturminneverdi. Bergen kommune er positiv til forslaget til vedtak om fredning av Sandviksboder 78 B (byggningsnr 139327241) i henhold til kulturminnelovens § 15. Bergen kommune anbefaler at fredningsbestemmelsens § 5 justeres noe for å gjenspeile betydningen av bygningen som historisk dokumentasjon over 200 års bruk.». Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjort følgjande samrøystes vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for Sandviksbodene 78 B. Fredinga vil gi eit varig vern til ein av dei største og mest autentiske av dei bergenske sjøbodane.» Eigaren av bygningen har uttalt «Vi har ingen innvendinger mot fredningen og mener, i likhet med HFK, at boden har stor kulturhistorisk, industrihistorisk og historiefortellende verdi.».

På bakgrunn av innspelet frå Bergen kommune vil me gjera ei mindre tilføyning til punkt 5 i fredingsføresegnene, slik at det lyd: «Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle så fram t tiltaket ikkje strir mot formålet med fredinga, kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.» Utover dette gir ikkje høyringsmerknadene grunn til endringar i fredingsforslaget.

I kulturminnelova § 22.3 heiter det: «Før vedtak om fredning treffes, skal forslaget forelegges kommunestyret. Det kan settes en frist for kommunestyrets uttalelse.» På dette grunnlaget vert saka lagt fram for Bergen bystyre. Høyringsfråsegnene og kommunestyret si handsaming vil inngå i ei ny vurdering av fredingsforslaget i fylkeskommunen. Saka vert så sendt over til Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket om eventuell freding.

Av omsyn til den vidare sakshandsaminga, ber vi om at fråsegna frå Bystyret kan liggja føre så snart som råd, og ikkje seinare enn fire månader etter at saka er motteke.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Inger Lena Gåsemyr
fungerande fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren
Rolf Olsen Sandviksboder AS

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Høyringsfråsegn Fylkesutvalet
- 4 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 5 Høyringsfråsegn eigar